



# Revisjon av trafikktryggleiksplan

## Forslag til planprogram

28.12.2020



# Innhald

---

Side | 1

1.	Bakgrunn .....	2
2.	Mål og formål .....	2
3.	Hovudproblemstillingar i planarbeidet .....	2
4.	Utgreiingsbehov .....	2
5.	Rammer for planarbeidet.....	3
6.	Organisering og framdrift.....	3
7.	Oppbygging av trafikktryggleiksplan .....	3
8.	Økonomi .....	4
9.	Medverknad og informasjon .....	4

## 1. Bakgrunn

Gjeldande kommunedelplan for trafikktryggleik 2015-2017 vart vedteke av kommunestyret den 17.12.2015. I kommunal planstrategi 2020-2023 vart det vedteke å revidere trafikktryggleiksplanen i 2020. Vang kommune vart 21.12.2020 godkjend som «trafikksikker kommune». Denne godkjenninga stiller krav om oppdatert trafikktryggleiksplan innan fyrste halvdel av 2021.

## 2. Mål og formål

Kommunedelplan for trafikktryggleik gjeld for heile kommunen og skal vere kommunen sitt styringsverktøy i arbeidet med trafikktryggleik og bidra til at trafikktryggleiken blir ivareteke på ein god måte i heile organisasjonen og i alle aktivitetar. Målet er å tenke heilsakleg om trafikktryggleksarbeidet, det er eit arbeid som må gjerast på tvers av etatane i kommunen. Planen skal synleggjere kva haldningsskapande og fysiske tiltak kommunen vil satse på dei komande åra og kven som er ansvarleg for tiltaka. Ein ny plan vil gje betre grunnlag for eigne prioriteringar og vil gje grunnlag for innspel til Innlandet fylkeskommune og Statens vegvesen.

Mål for revisjonen:

- Gjennomgang av mål og strategiar.
- Implementere kunnskapen frå arbeidet med «trafikksikker kommune».
- Oppdatere ulykkesstatistikk og status for trafikktryggleksarbeidet i kommunen.
- Planen skal gje rammer for trafikktryggleksarbeidet i kommunen og synleggjere kva innsatsområder som skal ha prioritet.

## 3. Hovudproblemstillingar i planarbeidet

Gjennom planarbeidet skal mål og strategiar bli gått gjennom. Desse må ta utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnssdel, gjeldande kommunedelplan for trafikktryggleik og føringar i forhold til «trafikksikker kommune».

Planen må på bakgrunn av statistikk og faglege vurderingar gje føringar i forhold til prioriteringar av fysiske og haldningsskapande tiltak.

Planen bør definere konkrete verkemiddel som kommunen kan bruke for å oppnå nasjonale og regionale mål om trygge skulevegar, auke andelen gåande og syklande ved å leggje til rette for trygg ferdsel for desse trafikantane, opplæring retta mot barnehagar, skule med meir.

## 4. Utgreiingsbehov

Som ein del av planarbeidet må det bli gått gjennom status på gjennomførte tiltak og kva effekten av desse har vore.

Det er behov for oppdatert kunnskap om lokale trafikkutfordringar og ulykkesstatistikk.

## 5. Rammer for planarbeidet

Viktige nasjonale, regionale og kommunale føringer for arbeidet:

- [Meld. St. 40 \(2015-2016\) Trafikksikkerhetsarbeidet - samordning og organisering](#)
- [Meld. St. 33 \(2016-2017\) Nasjonal transportplan 2018-2029](#)
- [Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021](#)
- [Meld. St. 19 \(2014-2015\) Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter](#)
- [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)
- [Regional plan for samferdsel 2018-2030](#)
- [Tiltaksplan for trafikksikkerhet Oppland 2018-2021](#)
- [Handlingsprogram for fylkesveger i Oppland 2018-2121\(23\)](#)
- [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)
- [Kommuneplanen sin arealdel](#)

Side | 3

## 6. Organisering og framdrift

Revisjon av kommunedelplan for trafikktryggleik blir gjennomført med følgjande organisering:

Administrativt ansvar: Kommunedirektør

Arbeidsgruppe: Arealplanleggjar, Ingeborg Lunde

Rådgjevar utdanning og kultur, Solveig Rønneberg

Avdelingsleiar bygg og veg, Ove Martin Stende

Måned Vuke	Desember 49 50 51 52 53					Januar 1 2 3 4				Februar 5 6 7 8				Mars 9 10 11 12				April 13 14 15 16 17				Mai 18 19 20 21			Juni 22 23 24	
Oppstart arbeidsgruppe																										
Utarbeiding av planprogram		x	x																							
Varsel om oppstart med forslag planprogram			x	x	x	x	x	x																		
Fastsetting av planprogram																										
Planarbeid							x	x	x	x	x	x														
Politisk vedtak i politiske utval før høyring																KS										
Høyring/offentleg ettersyn															x	x	x	x	x	x						
Avsluttande planarbeid																					x	x	x	x		
Endeleg vedtak i politiske utval og KS																								KS		

## 7. Oppbygging av trafikktryggleiksplan

Det er føreslege å bygge opp planen etter Trygg Trafikk sin mal for trafikktryggleiksplanar med følgjande kapittel:

1. Føreord
2. Samandrag
3. Innleiing
4. Nasjonale og regionale føringer for trafikktryggleiksarbeidet

5. Ulykkessituasjonen /-utviklinga i Vang kommune
6. Mål og strategi for trafikktryggleiksarbeidet i Vang kommune
7. Kommunale tiltak
8. Økonomi
9. Evaluering/rullering

Side | 4

## 8. Økonomi

---

Det er ikkje sett av eigne midlar til arbeidet med planen. Tiltak som krev økonomiske midlar frå kommunen blir teke opp i framtidige budsjett/økonomiplanar.

## 9. Medverknad og informasjon

---

Krav om medverknad er forankra plan- og bygningsloven. Revisjon av kommunedelplan følgjer §11-4 og §11-12 - §11-15 i plan og bygningsloven. Engasjement og innspel frå innbyggjarar og andre vil ha stor verdi for å få ein god prosess.

Følgjande tiltak blir gjennomført for å sikre god medverknad:

- Planprogram og planforslag blir lagt på høyring. Det vil bli informert på kommunen sine nettsider og Facebook for å nå ut til flest mogleg.
- Det er ynskjeleg å involvere nokre grupper særskilt i prosessen:
  - Politiet
  - Statens vegvesen
  - Fylkesmannen i Innlandet
  - Innlandet fylkeskommune
  - FAU i skule og barnehagar
  - Skule og barnehagar
  - Eldrerådet
  - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
  - Ungdomsrådet
  - Valdres Natur- og Kulturpark
  - AS Jotunheimen og Valdresruta Bilskap
  - Trønderbilene AS avd. Valdres
  - Vang Auto-Service AS
  - Vang kommune si heimeteneste
  - VangiValdres Taxi
  - Per Nicklas Kvam
  - Valdres Kommunale Renovasjon IKS
  - Valdres Brannvesen IKS
- Det blir arrangert møter ved behov.

Det blir bede om at innspel, idear og tankar til arbeidet blir sende skriftleg til Vang kommune v/  
Ingeborg Lunde, Tyinvegen 5161, 2975 Vang i Valdres, gjerne på e-post:

[ingeborg.lunde@vang.kommune.no](mailto:ingeborg.lunde@vang.kommune.no) innan 8. februar. Ber om at innspel blir merka med: «Innspel til  
trafikktryggleiksplan».